



FRAMO FUSA AS  
Venjanavesvegen 217  
5641 Fusa

Sakshandsamar::  
Britt Solheim

## Inspeksjonsrapport

### Inspeksjon ved Frank Mohn Fusa AS

#### Kontrollnummer: 2019.072.I.FMVL

#### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*  
Ivar Hellebø

*Frå Fylkesmannen i Vestland:*  
Silje Tingstad og Britt Solheim

#### *Andre deltagere fra virksomheten:*

Bengt Holme, Hilde Jørgensen,  
Ole Vindenes

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Frank Mohn Fusa AS 20. mai 2019. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken. Fylkesmannen i Vestland avdekket 3 avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen.

#### Avvik:

- Verksemdas har ikkje tilfredsstillande rutinar for å rette opp og førebyggje brot på krav
- Farleg avfall er ikkje lagra i samsvar med krav i avfallsforskrifta
- Utslepp frå oljeutskillarar vert ikkje målt og analysert for innhald

#### Merknader:

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

#### Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Britt Solheim  
senioringeniør

Sissel Storebø  
seksjonsleiar

Kopi til : Fusa kommune

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> FRAMO FUSA AS	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 971927925	<b>Eigd av:</b> 821313902
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 28.130 - Produksjon av pumper og kompressorer ellers	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Frank Mohn Fusa AS	<b>Anleggsnr.:</b> 1241.0017.01
<b>Kommune:</b> Fusa	<b>Fylke:</b> Hordaland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Kjemisk/elektrolytisk overflatebehandling	
<b>Løyve gitt:</b> 30.09.2013	<b>Sist endra:</b>

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova og produktkontrollova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin nasjonale aksjon i verksemdar som driv kjemisk/elektrolytisk overflatebehandling.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Grunnforureining
- Prosess og reinseutstyr
- Avfall
- Utslepp til luft
- Kjemikaliar
- Utslepp til vatn
- Sikring mot akutte utslepp

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

### **3. Oppfølging etter inspeksjonen**

Frank Mohn Fusa AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Frank Mohn Fusa AS innan 1. oktober 2019 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Britt Solheim.

### **4. Vedtak om gebyr**

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda 30. april 2019. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Frank Mohn Fusa AS betale eit gebyr på kr 19 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil en dags varighet. Miljødirektoratet sender faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### **Klagerett**

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

### **5. Innsyn**

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

### **6. Avvik**

Vi avdekka følgjande avvik under inspeksjonen:

#### **Avvik 1**

Verksemdas har ikkje tilfredsstillande rutinar for å rette opp og førebyggje brot på krav

#### **Avvik frå:**

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7
- Utsleppsløyve av 18. oktober 2013, punkt 2.6 Internkontroll

**Kommentarar til regelverket:**

Verksemnda skal ifølgje punkt 7 i internkontrollforskrifta, utarbeide rutinar for å avdekke, rette opp og førebyggje at krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø og sikkerhetsregelverket blir stetta. Krav til systematikk vil sei at verksemnda skal vidareutvikle og skape heilheit i rutinar og prosedyrar som finns. Skriftlege arbeidsrutinar, instruksar og liknande må systematiserast, slik at dei kan takast i bruk og inngå i internkontrollen.

**Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

Verksemndas rutine for handtering av farleg avfall var sist revidert i august 2013. Rutinen er ikkje oppdatert med at verksemnda deklarerar farleg avfall via nettstaden avfallsdeklarering.no.

Verksemnda mangla også følgjande rutinar:

- rutine for korleis substitusjonsplikta blir overhalden
- rutine for korleis verksemnda skal ta prøver av utslepp frå oljeutskiljarane, for å ha kontroll med utsleppa og korleis og kor ofte oljeutskiljarane skal tømast
- rutine for korleis vaskevatnet frå delevaskemaskina blir lagra og henta
- rutine for fylling og vedlikehald av oljetank

**Avvik 2**

Farleg avfall er ikkje lagra i samsvar med krav i avfallsforskrifta

**Avvik frå:**

- Avfallsforskrifta § 11-5
- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 og 7

**Kommentarar til regelverket:**

Farleg avfall skal takast hand om på ein forsvarleg måte. Alle som oppbevarer, transporterar eller tar hand om farleg avfall, skal treffe nødvendige tiltak for å unngå fare for forureining eller skade på menneskje eller dyr.

**Avviket byggjar på følgjande observasjonar:**

Farleg flytande avfall på fat, var lagra ute på betongdekke. Dekket hadde sluk til avløp. Dersom behaldarane skulle lekke vil væsken kunne gå ut via oljeutskiljar til sjø. Lagringa var ikkje risikovurdert i internkontrollen til verksemnda.

**Avvik 3**

Utslepp frå oljeutskiljarar vert ikkje målt og analysert for innhald

**Avvik frå:**

- Utsleppsløyve av 18. oktober 2013 punkt 2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald
- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7

**Kommentarar:**

For å halde dei vanlege utsleppa på eit lågast mogeleg nivå, og for å kunne unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr, skal vere dokumentert, jf. Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7.

**Avviket byggjar på følgjande**

Verksemda har seks oljeutskiljarar på eigedomen sin. Prøvetakingsutstyr er kjøpt inn, men sjølve prøvetakinga er ikkje starta opp.

**7. Merknader**

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

**8. Andre tilhøve**

Verksemda har i dag 410 tilsette og om lag 60 personar er innleigd. Verksemda produserer pumpesystem for tankskip. Pumpene blir henta med båt ein gong i veka, stort sett på søndagar.

**Tanklagring**

Tanklagring var ikkje tema ved tilsynet. Verksemda har ein dobbeltvegga tank med petroleumsprodukt på 15 m<sup>3</sup> frå 2008/2009. Kapittel 18 «Tanklagring av farlige kjemikalier og farlig avfall» trådte i kraft 1. januar 2014. Forskrifta gjeld for tankar med petroleumsprodukt på meir enn 10 m<sup>3</sup> og for andre farlege kjemikalier og farleg avfall over 2 m<sup>3</sup>. Frå 1. januar 2019 gjeld krav om fysisk barriere som minst skal romme heile tankens volum for tankar med innhald som er flytande ved normalt trykk og temperatur. Dette gjeld i tillegg til andre eventuelle organisatoriske og tekniske barrierar.

I utgangspunktet gjeld barrierekravet for dobbeltvegga tankar, men Miljødirektoratet har dei siste to åra etter søknad gitt dispensasjonar frå oppsamlingskravet for tankanlegg med dobbeltvegga tankar. Vilåret har vore at ein skal ha oppsamlingsløyse for spill frå lufterør, som kan ta minst eitt minutt overfylling ved maksimal påfyllingshastigheit. Det er venta at det vil kome ei endring i forskrifta, som tek inn denne dispensasjonspraksisen.

Miljødirektoratet har laga ein rettleiar for denne forskrifta.

<https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m536/m536.pdf>

**9. Dokumentunderlag**

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollloven) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften)

- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen

## **10. Informasjon til verksemda**

Brosjyrar/infoark vart utdelte:

- Farlig avfall fra virksomheter (TA-2945)
- Forventninger til virksomheters utslippskontroll (TA-2748)
- Håndtering av farlig avfall (M284)
- Substitusjonsplikten (M104)
- M811 Tiltakshavers ansvar ved terrenginngrep i forurenset grunn
- M813 Grunnforurensning- bransjer og stoffer